



Korleis skal vi realisere potensialet for grøn vekst i bergensregionen?

Dato: 29.11.2021

Tidspunkt: 17:00-15:00

Stad: Bergen (meir informasjon kjem)

Påmelding: <https://vlfk.pameldingssystem.no/lansering-bergensregion-rapporten-gron-region-vestland>

Velkomen til lanseringa av Grøn bergensregion og Grøn region Vestland!

Fleire hundre næringslivsfolk, kommunar og andre vestlendingar med framtidstru har det siste halvåret bidrege til kartlegginga av meir enn 250 grønne innovasjonsprosjekt i fylket vårt. Potensialet for utsleppskutt, verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar er stort, også i bergensregionen.

Fleire prosjekt og konsept frå bergensregionen er vurdert å vere av ein sånn storleik og viktighet at dei vert trekte fram som kritiske for heile fylket. Vi vil gjerne fortelje deg meir om dette og få deg med på vegen mot det grønne skiftet i bergensregionen og Vestland.

Som det første fylket i landet, laga Vestland ei eigen scenarioanalyse for næringslivet i møte med det grønne skifte hausten 2020. I år har vi følgd opp dette i prosjektet Grøn region Vestland, og kan no legge fram ei omfattande kartlegging av grønne initiativ i fylket saman med klare tilrådingar om prioriteringar, tiltak og kampar vi må vinne for å lukkast med desse.

Den 29. november inviterer vi saman med kommunane i bergensregionen til presentasjon av hovudrapporten *Vestlandsporteføljen* og *Grøn bergensregion*, som syner status for bergensregionen med tanke på grøn verdiskaping, behov for omstilling og innovasjon, dei grønne verdikjedane, og kva som skal til for å lukkast. Rapportane er utarbeidd av EY i tett samarbeid med fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, regionråd og kommunar i bergensregionen

I tillegg til presentasjon av kunnskapsgrunnlaget, vil vi invitere til ein brei samtale med interessantar i offentlig sektor, academia, forskingsmiljø, næringslivet og befolkninga elles om korleis vi skal jobbe saman for å realisere potensialet for grøn vekst i bergensregionen og Vestland.

Meld deg på her: <https://vlfk.pameldingssystem.no/lansering-bergensregion-rapporten-gron-region-vestland>

Program og meir informasjon om prosjektet: <https://www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/gron-vekst/gron-region-vestland/>

Følg oss på Facebook: <https://www.facebook.com/gronregionvestland>

Spørsmål? Kontakt prosjektleiar Lasse Kolbjørn Anke Hansen. Epost: lasse.hansen@vlfk.no, telefon: 99 22 84 58.



Vestland
fylkeskommune



Innovasjon
Noreg